

Kyrkjebladet for VAKSDAL

73.ÅRG./ NR.3 - 2019

Kyrkjevalet 8.-9. sep. 2019

**Kven stiller til val
i sokneråda?**

Sjå side 5

**Korleis ser lokalpartia
på kyrkja i Vaksdal?**

Finn det ut på side 7-9

Min salme
Side 4

Daniel stiller til val
Side 6

Vegen-sidene
Side 10-12

Ny heimeside: www.kyrkja.no/vaksdal

DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3
5721 Dalekvam
Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)
E-post: kyrkjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

Ekspedisjonstid:

Tysdag og onsdag kl. 11.00-14.00

Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold

Mobil 97 69 75 62
E-post: br233@kyrkja.no

Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn
Mobil 90 84 06 24
E-post: eb447@kyrkja.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen og Nesheim sokn
Mobil: 90 19 65 14
E-post: fk796@kyrkja.no

Trusopplærar Kristin Straume Audestad

Mobil: 95 76 63 79
E-post: ka263@kyrkja.no

Organist Ruben S. Gjertsen

Mobil: 92 45 20 98
E-post: rg794@kyrkja.no

Organist Anton Proskurnin

Mobil: 48 23 29 77
E-post: ap244@kyrkja.no

Vaktmeistar Ottar Dalseid

Mobil: 97 67 46 16
E-post: od622@kyrkja.no

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.
Avtal helst på førehand.
Prestane har teieplikt.

Informasjon om gudstenester, konfirmanttida og Kyrkjebladet finn du på www.vaksdal.kyrkja.no

GATEADRESSER:

Bergsdalen kyrkje: Bergsdalsvegen 1065
Dale kyrkje: Kyrkjegata 1
Eidsland kapell: Eidslandsvegen 2014
Eksingedalen kyrkje: Sørdalsvegen 10
Nesheim kyrkje: Nesheimsvegen 31
Stamnes kyrkje: Gruvevegen 19
Vaksdal kyrkje: Vaksdalsgarden 34

Val

Kvar dag gjer me mange val. Me vel å stå opp. Kva kle me skal ha på oss, om me skal eta frukost, at me skal reise på jobb, på kva måte me reiser til jobb, osv Mage av desse tinga er heldigvis so sjølvsgått for oss at me ikkje ser på det som val. Det er ein del av den daglege rutina vår. Men like fullt er det no val me gjer

Av og til kjem dei tinga som me til dagen tenker på som val. Ting der me har fleire alternativ og me lytt velje eit av dei. I desse dagar byrjar vidaregåande skular og universiteta opp igjen. Mange har valt å begynne å studera noko, eller å skifta studie, eller å ta eit fri år å gjera noko heilt anna. Dette har ofte vore litt større vanskelegare val, som igjen kan vera med på å påverka kva veg ein går i livet.

I desse tider er det også kyrkjeval, kommuneval og fylkestingsval. Her kan me som enkeltmenneske vera med å påverka lokaldemokratiet vårt, og kven som skal sitta å få ta avgjersler som er viktige for oss og dei me er glade i.

I 2015 var det 60% som valte å stemma. Det vil sei at 40% av oss satt heime. Kvifor «sofasittarane» er landets største parti, skal ikkje eg spekulera i her. Men viste du at: I kommune og fylkestingsval, er det nok av eksempel på skilnadar på nokre få stemmer på kven som kjem inn og kven som ikkje kjem inn? Dette vil seie at di stemme tel. Bruk ho! Eller som ein ven av meg sa: «Om du vel å ikkje stemma, so er det heller ikkje lov å klage over resultatet etterpå».

Bjart-Magnus N Rosvold

Kyrkjeverje

Fellesrådsleiar:

Odd Arild Faugstad
tlf. 952 65 989
e-post: oddfau47@gmail.com

Soknerådsleiarar:

Vaksdal: Grethe Loftheim Dale
tlf. 992 68 128
Dale: Brith Kydland
tlf. 48 13 06 64
Bergsdalen: Herborg Holt Lid
tlf. 454 65 977
Stamnes: Bjørn Stamnesfet
tlf. 56 59 82 91 / 414 13 351
Eksingedalen: Asbjørn Flatekval
tlf. 970 17 598
Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim
tlf. 930 54 636

Den norske kyrkja si heimeside:

www.kyrkja.no
Bjørgvin bispedømme si heimeside:
www.kyrkja.no/bjorgvin
Bibelen på nett: www.bibel.no

KYRKJEBLAD FOR

VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal
Bladpengar: kr 250,-
Annonsepris: kr 4,- pr. sp.
Avgiftsfritt.
Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar:

Kyrkjeverja i Vaksdal

Grafisk utforming:

VaksdalPosten

Kasserar:


Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,
boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk:

Bodoni AS, avd. Hardanger,
Øystese
Tlf. 46 63 09 33

Retur til: Kyrkjekontoret
for Vaksdal, Pb. 113,
5721 Dalekvam

Stoff til neste nr. må vera kome inn til 11. november.



KVA VEL DU?

Josva 30.14-22

Det er valtider, sovel i politikken som i kyrkja. Me skal gå til valurnen og stemme på kva parti me ynskjer skal styre i kommunen der med bur, og til fylkestinget. Det handlar om partiprogram, men og om kva personar me har tillit til. Kyrkjevalet er samstundes der med vel kven som skal sitje i soknerådet lokalt, men og kven som skal vere i Bisdommerådet og Kyrkjemøtet som er kyrkjas øvste valde organ. Dei som sit der har mellom anna ansvar for tilsetjing av prestane, og dei lager lover og reglar for kyrkja vår med kva liturgier som me nytter til gudstenester og kyrkjelege handlingar. Her er det ulike lister og grupperinger å velje mellom. Desse vala kjem kvart fjerde år.

Liva våre handler om mange slags val. Når me er små er det foreldra som tek dei viktige vala, mellom anna namnet og om barnet skal verte døypt. Når me veks til vel me sjølle etter som me mognast til. Ikkje minst om me skal gå til konfirmasjonsførebuing. I desse dagar skriv årets 14 åringer seg inn til eit nytt konfirmantår. Nokon vel i staden borgarleg eller ikkje å stå som konfirmant i det heile. Andre val handlar om skule, arbeid, kjærast, kvar me vil bu.

Kva me vil tru og byggje livet på er og eitt av desse viktige vala. Me krev ikkje at konfirmantane har i fast ferdig tru. Dei får møte trua og representanter for dei truannde, og sjølle velje sin veg i livet.

Me presenterer i undervisninga og på gudstenester og andre samver kva som er hovudsaka i den kristne trua. Trua er på ein side sett å halde det som står skrive i bibelen for sant. Det er ei lære, om ikkje heilt eit partiprogram. Men samstundes handler det tillit. Då

tenkjer eg ikkje på dei som står på soknerådslistene, eller prestane og andre kyrkjelege tilsette. Den grunnleggjande tilliten i trua er til Gud Fader skaparen vår, og til sonen Jesus Kristus, frelsaren vår, og til Den heilage ande, Trøystaren vår i liv og daude. Det er den treeinige Gud. Han kan me velje å setja vår lit til den dagen me kjem til tru, og vidare kvar dag i livet. Me vedkjenner trua på han på kvar gudsteneste i kyrkja, og den dagen me vert døypte tek han oss inn i fellesskapen av dei truande, den verdsvide kyrkja som går på tvers av land, kyrkjesamfunn og tid. Om eg ikkje forstår alt kan eg kvile i trua som er større enn meg sjølv.

Josva held ein tale til Israelsfolket. Han seier at han har lagt fram for dei alternativa. Vil dei halde seg til dei gudene som nabofolka trur på, eller vil dei halde seg til Herren. Eg og mitt hus, me vil tena Herren seier han så om seg sjølv. For Herren har leia folket ut av trellehuset i Egypt med mange undergjerningar, og ført dei inn i det lova landet. Folkets svar på utfordringa var: Nei! Herren vil me tena. Nokon gonger i livet er det godt å få ei konkret utfordring, eit lite puff. Rett og slett stillast på val. Då må du tenkje på kva som er viktig i livet, og kva verdier som du vil halda fast på og leva etter. Men like mykje er det berre å ha sett ein flik av den heilage og levande Gud. Då vert ikkje valet så vanskjeleg. Då veit du i hjartet at først og fremst er det Gud som valde meg. Han kjenner meg ved navn. Hos han får eg den nåde å høre til i familien. Sjølv når eg svikter, er han trufast og rettferdig, han tilgjev meg syndene, og lekjer mine sår. Eg treng berre sei eit Ja. Eg trur, Herre. Hjelp meg då i mi vantru

Sokneprest Edvard Bø

Min salme

**David Mbogo-Svensson
vart i sist nummer av
Kyrkjebladet utfordra til
å skriva om sin salme:**

Eg tenker tilbake på når eg var ein liten skulegut, når vi stod opp tidleg om morgenon for å gå eller løpe 5 km. til skulen. Den mest effektive vekkarklokka var fuglane som song. Då vi vaks opp visste vi at fuglane var dei første til å lovsynga Gud om morgenon. Vi seier "early birds catches biggest worms".

I Salmane, i Salme 150:6 står det "alt som har ånde skal lova Herren altså alt som er levande skal lova Herren". Vi har alle ein god grunn til å lova Herren. Alle er kvalifisert til å lova Herren, fordi vi alle pustar og er i live idag. Me kan lova Herren på vår eigen måte med intrumenter eller utan. I Matteus 6:26 står det "Sjå på fuglane under himmelen. Ikkje sår dei, ikkje haustar dei, og ikkje samlar dei i hus, men Far dykkar i himmelen før dei likevel". Gud tek vare på fuglane fordi dei lova Herren først av alt.

Eg vil vakna opp kvar morgen og lova Herre først av alt, fordi det å være levande og å leve i Guds nærliek og kjærlek er meir ein god nok grunn til å lova Herren.

*Denne gospelsangen av Ron Kenoly
er basert på salme 150.*

**Let everything that has breath
Praise the Lord
And let the living proclaim
Let everything that has breath
Praise the Lord**

**Let every instrument
Sound His praise
As all His people adore
Let everything
That has breath
Praise the Lord**

**I will open up my mouth
And He will fill it with praise
I will magnify His name
The name that stands
Above all names is Jesus
High sounding cymbals
And trumpets of brass
The sound of one accord
Let everything
That has breath
Praise the Lord
My Lord has put
A new song in my heart**

**It's a song of praise to my God
And everyone who
Hears it will rejoice**

**David utfordrar Per Småbrekke i Bergsdalen
til å skrive om sin salme i neste nr. av Kyrkjebladet.**

Kyrkjevalet

8.-9. sep. 2019



Val av sokneråd i Vaksdal 9. september

Førehandsrøysing for alle sokn på Kyrkjekontoret:
Tysdagar og onsdagar kl. 11.00 – 14.00 og elles etter avtale

Alle som har røysterett i Kyrkjevalt skal ha fått tilsendt valkort.
Ta kontakt med Kyrkjekontoret på 56 59 39 20 viss du ikkje har fått det.

Bergsdalen sokn

Førehandsrøysting: Søndag 8. september
kl. 12.30 - 13.30 i Bergsdalen kyrkje

Røysting på valldagen: Kl. 11.00-20.00

i Dale bedehus

Kandidatar:

1. Elin Mbogo-Svensson, f. 1988
 2. Dan Berge, f. 1968
 3. Anne Hilde Fosse Osvold, f. 1969
 4. Lise-Lotte Dahle Småbrekke, f. 1954
 5. Kari Berge, f. 1945
 6. Kari Kristin Hopperstad Rødland, f. 1966
 7. Ragna Lid, f. 1966
 8. Lars Inge Brekke, f. 1946
 9. Ole Johan Pettersen, f. 1956
- Det skal veljast 4 medlemar pluss varafolk.*

Dale sokn

Røysting på valldagen: Kl. 11.00-20.00
i Dale bedehus

Kandidatar:

1. Evelyn Tvedt, f. 1964
 2. Brith Kydland, f. 1965
 3. Lisbeth Andrea Skorpen, f. 1968
 4. Anna Pernille Stanghelle, f. 1971
 5. Elisabeth Verpelstad, f. 1963
 6. Eli Bjørg Leiren, f. 1954
 7. Kristin Brekke, f. 1970
 8. Stig Henning Svensson, f. 1974
 9. Torunn Samuelsen, f. 1963
 10. Reidun Dalseid, f. 1955
 11. Odd Magne Dyvik, f. 1945
- Det skal veljast 6 medlemar pluss varafolk.*

Eksingdalen sokn

Røysting på valldagen: Kl. 11.00 - 18.00
i Eidsland grennahus.

Kandidatar:

1. Lars Patterson, f. 1959
 2. Annika Therese Nottberg Brønstad, f. 1986
 3. Jarand Brørvik, f. 1995
 4. Bjørg Ingrid Lavik, f. 1963
 5. Ole Jakob Nese, f. 1979
 6. Jorunn Ninni Sæterdal, f. 1954
- Det skal veljast 4 medlemar pluss varafolk.*

Stamnes sokn

Førehandsrøysting: Kyrkjekontoret for Vaksdal,
sjå øvst.

Røysting på valldagen: Kl. 11.00 - 18.00
i Eidsland grennahus.

Kandidatar:

1. Olaug Helen Lunde Stamnes, f. 1955
 2. Eidrun Straume Normann, f. 1959
 3. Anne Margrete Eikefet, f. 1958
 4. Monica Myster Dyvik, f. 1973
 5. Rose-Marie Mo Lilletvedt, f. 1985
 6. Eli Marit Hvidsten, f. 1970
 7. Erna Bjørg Vedaa, f. 1935
 8. Bjørn Stamnesfet, f. 1956
 9. Karin-Johanne Berge Rosvold, f. 1946
 10. Kåre Brekkhus, f. 1950
 11. Elke Marie Hesjedal, f. 1973
- Det skal veljast 6 medlemar pluss varafolk.*

Nesheim sokn

Røysting på valldagen: Kl. 11.00 - 18.00
i Eidsland grennahus.

Kandidatar:

1. Gøril Kvinge Nesheim, f. 1986
 2. Magnar Nese, f. 1962
 3. Unn Evelyn Gullbrå, f. 1964
 4. Ivar Rødland Bergo, f. 1977
 5. Frøydis Gullbrå, f. 1971
 6. Jan Arne Fjellanger, f. 1961
 7. Arne Nesheim, f. 1943
 8. Haldis Bjtovteit Øvstdal, f. 1971
 9. Gaute Øvstdal, f. 1975
 10. Anne Synnøve Nesheim, f. 1958
 11. Anita Helen Gullbrå, f. 1970
 12. Lars Bjarte Nesheim, f. 1980
 13. Aud Marit Brønstad Bergo, f. 1980
- Det skal veljast 4 medlemar pluss varafolk.*

Vaksdal sokn

Førehandsrøysting: Kyrkjekontoret for Vaksdal,
sjå øvst.

Røysting på valldagen:

VAKSDAL stemmekrets: Kl. 11.00 - 20.00

i Vaksdal samfunnshus

DALE stemmekrets: Kl. 11.00 - 20.00

i Dale bedehus

Kandidatar:

1. Grete Loftheim Dale, f. 1952
 2. Tormod Amundsen, f. 1964
 3. Odd Arild Faugstad, f. 1947
 4. Oddvar Dale, f. 1953
 5. Anders Boge, f. 1954
 6. Tove Margrete Nordmark, f. 1954
 7. Else Veronica Olsson, f. 1978
 8. Bjørn Knutsen, f. 1946
 9. Per Nordmark, f. 1951
 10. Bjørn Kristian Aga, f. 1980
- Det skal veljast 6 medlemar pluss varafolk.*



Daniel stiller til val

Daniel Kydland (biletet) er «vår» kandidat til bispedømerådsvalget. Daniel er frå Vaksdal, og fyller 22 år like etter Kyrkjevalet. Han står på 6. plass på lista til Nominasjonskomiteen, det vil seie på ei av dei tre listene til bispedømerådsvalget.

Kva tenkte du då du vart spurde om å stille til val i bispedømerådet?

- Eg svara ja med det same, for dette var noko eg gjerne ville vere med på. Det var ærefullt å bli spurt, men overraskande.

Kjende du til arbeidet i bispedømerådet før?

- Eg hadde sett meg inn i kva Kyrkerådet gjer på, men visste lite om bispedømerådet. Så det har eg lese meg opp på i ettertid.

Kvífor sa du ja?

- Det er positivt at det kjem med unge folk i rådet, slik at gjennomsnittsalderen går ned. Og så meiner eg at det er viktig å fremje evangeliet om Jesus.

Daniel bur no i Knarvik, og budde før det i Bergen.

- Eg ville ut av byen etter nokre år der, og flytta til Knarvik då eg byrja å studere. Frå før av kjende eg folk i Knarvik-området, og no er eg aktiv i kyrkjelyden der.

Han studerer teologi ved NLA, fortel han vidare, og reknar med å vere ferdig med det i 2023. Då ser han for seg at han byrjar som prest. Tidlegare har han studert reiseliv og hotellfag.

- Men eg fann ut at eg heller ville studere teologi, og byrja på NLA for to år sidan.

Mange i Vaksdal vil kjenne deg att frå det kristne arbeidet her.

- Ja, eg har vore med som leiar på Vaksdal KUL, som konfirmantleiar og som leiar på leirar på Fagertun.

Om trua si fortel Daniel at han har vore kristen heile livet, men at han hadde ei oppleving som 13-åring der trua vart tydelegar for han.

- Det kjentes som ein direkte tiltale frå Gud då.

Kvífor skal folk stemme på deg i bispedømerådsvalet?

- Eg er ung! Det er jo positivt. Så vil eg vere med å styrke kyrkja si lokale forankring, slik at ho ikkje blir toppstyrt. Og eg ynskjer at kyrkja skal bli betre på å innby og inkludere menneske. Og ikkje minst: Få unge menneske og unge familiarar med i kyrkjelydslivet. Det er dei som er framtida!

Tekst: Frode Kvamsøe
Foto: Regine Kydland

**Kyrkje
valet
2019**



Dei politiske partia i Vaksdal og kyrkja

Det skal snart veljast nytt kommunestyre.

Partia fekk like mykje plass til rådvelde, men som ein kan sjå har dei sendt svar med ulik lengd.

Noko av det politikarane i Vaksdal gjer er å bestemme

kor mykje pengar Den norske kyrkja si verksemd i kommunen skal få. Slik blir bestemt ut frå kommuneøkonomien, men vert og påverka av korleis dei ulike partia ser på kyrkja og hennar verksemd i kommunen. Politikarane har ikkje noko formell styringsrett over

desse midlane, det er det Vaksdal kyrkjelege fellesråd som har. I år har kommunen løyva noko over fire millionar kroner til kyrkja sitt driftsbudsjett. Drifta av gravplassane er haldne utanfor.

Kyrkjebladet for Vaksdal

har spurt partia korleis dei stiller seg til det kyrkjelege arbeidet, og her er svara. For ordens skuld: Redaktøren i Kyrkjebladet er og listetopp for eit av partia, men er ikkje involvert i arbeidet med dette oppslaget i bladet.

Frode Kvamsøe

Spørsmåla dei fekk:

1. Kva plass og rolle ynskjer partiet at kyrkja i Vaksdal skal ha i lokalsamfunnet?
2. Er det noko av verksemda til kyrkja partiet meiner bør endrast?
3. Har partiet med noko om Den norsk kyrkja i Vaksdal i sitt valprogrammet?
4. Kor mykje kan de tenkje dykk å løyve til kyrkja sitt driftsbudsjett pr. år i komande periode; mindre, likt eller meir?

Svara dei gav:



Arbeiderpartiet v/Magne Hestad

1. Den samlar oss til høgtid og fest, men er og viktig i kriser og sorg.

2. Sjølv om ikkje bodskapen skal endrast, bør kyrkja prøva å gjera seg meir relevant for folk i det 21. århundre. Gjev kyrkja svar på samfunnsutfordringane i dagens samfunn lokalt, nasjonalt og globalt? Torer kyrkja å utforda trendane i samfunnet? Korleis kan kyrkja spela ei rolle i samfunnsdebatten? Kva meiner kyrkja i Vaksdal er ei open og inkluderande kyrkje?

3. Ingen kyrkjesamfunn/religionar er nemnd i vårt program.

4. Vaksdal kommune har store økonomiske utfordringar. Løyvingane til kyrkja vil nok måtte underleggjast dei same økonomiske vurderingane som vil måtte gjerast i høve dei kommunale tenestene.



Høgre v/Erlend Hesjedal-Johannessen

1. Høgre sin politikk er i stor grad basert på det kristne kulturgrunnlag og norske tradisjonar. Sjølv om Høgre er for religionfridom, og respekt og likebehandling av forskjellige religiøse grupper så har kyrkja ei viktig rolle i partiet, noko som også er slått fast i partiet sin føremålsparagraf. Kyrkja i Vaksdal har i alle år hatt ei sentral rolle som religions- og kulturbærar, og som samlingsplass for mange av dei viktigaste stundene i livet. Høgre ynskjer at dette også skal vera saka i framtida, samtidig som det skal vera stor takhøgd for andre livssyn i eit stadig meir fleirkulturelt lokalsalfunn.

2. Vaksdal Høgre har inntrykk av at kyrkja stadig speler ei viktig rolle i bygdesamfunna. Aktivitetar for born er godt likt, og trusopplæringa er av høg kvalitet. Ein registrerer likevel at det verkar som at interessa for kyrkja sine aktivitetar, blant anna deltaking ved gudstenester er nedadgåande. For at kyrkja skal vere relevant for den einskilde også i framtida er det viktig at kyrkja tilpassar verksemda slik at den passar inn i samtida, dette bør vere eit pågåande arbeid. Vaksdal Høgre har nyleg teke til orde for eit opnare og meir inkluderande lokalsamfunn, herunder synleg aksept for ikkje-heterofile samliv. Ein må respektera at prestane i Vaksdal ikkje ynskjer å via likekjønna par, og ordner det slik at andre prestar kan gjennomføra slike vigsler. Samtidig bør kyrkja ta inn over seg at dette vil vera med på å gje signaler om korleis kyrkja ser på homofili, og at dette vil vere med på å forme kva inntrykk oppvoksande generasjonar dannar seg av kyrkja. Det same vil og gjelde synet på kvinnelege prestar og homofile prestar, noko dei aller fleste av innbyggjarane i Vaksdal nok vil meine er heilt greitt.
3. Ja, Vaksdal Høgre slår fast i valprogrammet at kyrkja skal støttast opp rundt, som ein viktig samlingsstad for religion og kultur.
4. Det verkar noko diffust korleis løyvingane vert nytta. Vaksdal Høgre ynskjer å difor invitere til ein dialog med kyrkja, for å forstå meir om korleis pengane vert brukt, før ein tar stilling til dette.



Kristeleg Folkeparti v/ Bjart-Magnus N. Rosvold

1. «Å gløyma sine forfedrar er å vera ein bekk utan kjelde, eit tre utan rot.» (kinesisk ordspråk). Me i KrF ynskjer at kyrkja skal ha ein sentral plass i lokalsamfunna i Vaksdal. Kyrkja som trudomssamfunn og kulturberar er viktig for oss i KrF.

2. KrF ynskjer at kyrkja skal halde fram med jamlege gudstenester og tilby seremoniar som dåp, konfirmasjon, giftemål og gravferder som no. Me ynskjer også kyrkja som arena for aktuelle konsertar og andre initiativ frå innbyggjarane, slik kan også kyrkjebygga bli brukt av andre enn dei tradisjonelle kyrkjegjengarane.

3. Ja. Under kultur har KrF fylgjande: «KrF vil ha eit godt samarbeid med kyrkjeleg fellesråd. Syta for at rådet har økonomi til å utføra sine viktige oppgåver, som naudsynt vedlikehald av kyrkjebygga.»

4. Me står framfor ein krevjande periode i kommunen, der det økonomiske handlingsrommet vil bli mindre og mindre. Samtidig veit me at fellesrådet sitt budsjett er stramt. KrF vil arbeida for at kyrkja i Vaksdal får løyingar som ligg på dagens nivå.



Sosialistisk Venstreparti v/ Kjartan Haugsnes

1. Alle innbyggjarar i kommunen skal ha lik rett til å utøva sitt livssyn innan ramma av menneskerettane og norsk lov. Vi arbeider for ein sekulær stat og kommune med full livssynfridom og i eit mangfaldig lokalsamfunn. Med dette som bakteppe ønskjer SV at kyrkja skal ta mindre plass og ha ei mindre rolle i lokalsamfunnet.

Alle menneske har krav på reell religions- og meiningsfridom. Korkje kommunen eller offentlege institusjonar bør ta stilling i religiøse spørsmål.

SV vil arbeide for eit livssynsope seremonirom i kommunen. Dei fleste vil i livet ha trong for å samle sine næreste i viktige overgangar som fødsel, ekteskap og gravferd. Eit livssynsope seremonirom skal og kunne nyttast som samlingsstad og markeringssstad ved ulukker eller andre hendingar i lokalsamfunnet.

2. Det bør vere eit minimumskrav at Vigsel 2017 og forbønn 2017 vert utført i kyrkjene i Vaksdal av dei som til ei kvar tid er prestar i kommunen. Det er for SV avgjerande at trussamfunn som mottek store summar frå fellesskapet, ønskjer alle menneske velkommen uansett kjønn eller legning.

3. Nei.

4. SV vil ikkje prioritere auke i kyrkja sitt driftsbudsjett 2019 - 2023.



Framstegspartiet v/ Boris Groth

1. FrP ser på den kristne kulturarven, vestlige verdiar, og skilje mellom religion og politikk som grunnleggande verdiar i det norske samfunn.

Religionsfreiheit er og ein grunnleggande rettigheit for den enkelte.

Kyrkja er og har alltid vore ein viktig del av lokalsamfunna i Vaksdal, og forutan dei reine kyrkjelege handlingar o.l. som ein umiddelbart tenkjer på med kyrkja, så gjer jo kyrkja og t.d. uvurderlig mykje godt borne og ungdomsarbeid i kommunen.

Ei meiningsfull og aktiv fritid for både unge og eldre er og særskilt viktig for Vaksdal FrP, og me vil gjerne vere med å legge til rette for dette vidare framover.

Vaksdal FrP vil og rullera opp datera gjeldande ungdomsplan for Vaksdal kommune, og me tenker det er naturleg at m.a. kyrkja er involvert i arbeidet med ei slik rulling!

2. Alle trussamfunn bør vere uavhengige og sjølv råda over si arbeidsform, organisasjon og forkynning, innanfor rammene av norske lovar, regelverk og normar.

Det er difor ikkje naturleg for Vaksdal FrP å meina for mykje om kva som evt. bør endrast.

3. Me har ikkje konkret nemnd kyrkja i vårt lokalprogram, men FrP er eit liberalistisk parti, som byggjer på Noregs grunnlov, norsk og vestleg kulturarv og tradisjon, og med grunnlag i det kristne livssyn og humanistiske verdiar.

Dette vil me verne om!

4. Den årlege løyvinga må vurderast årleg, på lik linje med kommunens øvrige drift, m.a. basert på dei innmelde behova, forslag og råd som kjem frå kyrkja sjølv og rådmannen.

Men generelt ynskjer me å ivareta ei forvarleg god drift, og det bør, til liks som for kommunale bygg, utarbeidast ein plan for å sikre systematisk vedlikehald av kyrkjebygga i framtida.



Senterpartiet v/ Sigmund Simmenes

1. Kyrkja skal sjølvsagt ha sin tradisjonelle plass i lokalsamfunnet. Likevel må også kyrkja tilpassa seg endringar i samfunnet på ein måte som gjer at ein ikkje vert ståande att med ei kyrkje som berre samlar folk til dåp, brudlaup og gravferder.

2. Vanskeleg å gå inn på konkrete ting her. Kanskje også våre prestar bør opna opp for likekjønna vigsler, sidan dette er fullt lovleg i dag, og også er praksis i mange kyrkjer rundt om i landet.

3. Under emnet kultur og fritid seier me: At kyrkja i Vaksdal skal vera open og inkluderande. At kyrkjebygga må få løyingar som gjer at dei vert ivaretakne.

4. Dette kjem mykje an på korleis den totale kommunale økonomien utviklar seg. Vert det større økonomisk handlerom, bør det sjølvsagt få positivt utslag også for løyingar til kyrkjelege føremål.



Raudt
v/ Guro Hesjedal
Lunde

Raudt har valt å ikke sende inn svar då dei ikkje har arbeidd med dette. Dei reknar likevel med at dei er på linje med SV i desse spørsmåla.

Konfirmantåret er i gang!



Konfirmantane i Dale sokn vart presentert for kyrkjelyden under Fest på kjerka - i bedehuset - siste søndagen i august.
Foto: Brit Kydland



Døype barnet - eller bli døypt sjølv?

Ver velkommen til dåp!

Ta gjerne kontakt med oss:

Telefon: 56 59 39 20
Epost: kyrkjekontoret.vaksdal@kyrkja.no
Post: Postboks 113, 5721 Dalekvam
Kom innom: Fabrikkvegen 3 på Dale
Heimeside: www.kyrkja.no/vaksdal

Tidlegare fekk me melding om alle nyfodde, og kunne sende innbyding til dåp. No får me ikkje den informasjonen, og kan difor ikkje sende innbyding til dåp direkte.

DEN NORSKE KIRKJA
Kyrkjelyden i Vaksdal

Orgelkonsertar

ved Ruben Gjertsen:

Laurdag 5/10 16.00 I Dale kyrkje.

Laurdag 9/11 16.00 i Vaksdal kyrkje.

Laurdag 30/11 16.00 I Dale kyrkje.

*Gospel-samarbeid mellom
Arna og Vaksdal:*

KONSERT I DALE KYRKJE SØNDAG 29. SEPTEMBER KL. 18.00

Arna Gospel prosjekthor og koret Kilden vil syngje saman i september, og her vert songane plukka både frå det norsk og internasjonale gospelrepertoaret.

To av Vaksdal sine tidligare kantorar står bak, Tone Synnøve Øygard Steinkopf dirigerar, og Olav Arne Steinkopf leier bandet. Det blir et profesjonelt samansett band med m a Thomas Nøkling og Sigmund Vik. Marinanne Juvik Sæbø og Ole Strøm er med som songsolister.

Prosjektkoret skal utanom konserten på Dale syngje her:

*Laurdag 28. september 18.00: Konsert i Arna kyrkje
Søndag 29. sept. kl. 11.00: Temagudsteneste i Arna kyrkje*



Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Vegen i Vaksdal. Det er sjølvsagt livs- og trusvegen det handlar om, og målet om at alle som er døypte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Fylg *Vegen i Vaksdal* på Facebook!

Baby- og småbornssong på Vaksdal sjukeheim



I samband med Daledagane hadde me ei samling med baby- og småbornssong på Vaksdal sjukeheim den 31.mai. Heile 19 born og ein gjeng vaksne samla seg på matter midt på golvet i aktivitetstova og song songar og blas såpebobler, med bebuarane på sjukeheimen som ivrige og glade tilskodarar. Dette verka å vera kjekt og gjevande for både yngre og eldre, og det var fint å sjå det ordlause samspellet mellom borna og bebuarane! No i haust kjem me til å prøva å ha generasjonssong på både Daletunet og Vaksdal sjukeheim, meir om det under «Kva skjer på Vegen vidare»



V / I N G

**Annankvar fredag
kl 18.30 – 20.30
i Dalebedehus
for dei som går
i 5, 6. og 7. klasse**

DATOAR I HAUST:
6. og 20. september
4. og 18. oktober
1., 15. og 29. november



Kva skjer på VEGEN framover?

Skulevegensamlingar på Vaksdal, Dale og Stamnes

Kyrkja er ofte ein stad folk kjem til i viktige overgongar i livet, og me tenkjer at skulestart òg er ein slik viktig overgang, både for nye fyrsteklassingar og foreldre. Difor er det mange kyrkjelydar som inviterer til markering av skulestart for fyrsteklassingar, og det har me gjort i kyrkjene i Vaksdal òg i nokre år. I år var/er det slike gudstenester på Dale 25.8., Stamnes og Vaksdal 1.september, Eksingedalen **8.september**. Borna får kvar si bok, og me ber for skulestarten og dei nye elevane.

Babysong, lunsjtreff og småbornssong på Dale og Vaksdal

I haust vert det småbornssong (kl. 10-11), lunsjtreff (kl.11-12) og babysong (kl. 12-13) på Dale og Vaksdal på torsdagar. Me startar opp torsdag 29. august i Dale bedehus først, og er i Dale bedehus alle torsdagane i september, pluss 3.oktober. I Vaksdal kyrkje startar me opp 24.oktober og har samlingar kvar torsdag ut november. Håpar på å sjå både kjende og nye fjes, alle er hjartelag velkomne! Fylg med på facebook-sida «Babysong, lunsjtreff og småbornssong i Vaksdal» for oppdatert informasjon om samlingane, som alle er leia av trusopplærar Kristin Straume Audestad.



Generasjonssong på sjukeheimane

I samarbeid med Syngjande Vaksdal og Hege Eide Vik, skal me i haust ha generasjonssong på sjukeheimane på Dale og Vaksdal, i utgangspunktet ei samling kvar stad. Generasjonssong er songsamlingar der babyar, småborn, foreldre og bebruarar på sjukeheimane syng saman. Me syng songar som både yngre og eldre har eit forhold til, så dei eldre òg kan vera med på songen. Dette vert gjennomført andre stadar med stor suksess, så me har tru på at det kan bli kjekt for små og store her i Vaksdal òg! Datoar kjem, blant anna på facebooksida vår «Vegen i Vaksdal».

Knøttesong for born 3-5 år på Dale og Vaksdal torsdagar kl. 17.30-18.30

Me prøver noko nytt - igjen... Kristin har jo prøvd med fleire ulike barnekor, og har absolutt ikkje lagt barnekorarbeid heilt på is! Men så har me ein tanke om at aktivitetane våre skal «byggja på» kvarandre. Etter småbornssong har me hatt få tilbod, så i haust prøver me noko som heiter knøttesong, på ettermiddagen for born ca 3-5 år. Det vert songar, regler og litt forteljing tilpassa aldersgruppa, og ein fin måte å treffast på for dei som til dømes tidlegare møtttest på babysong eller småbornssong. Samlingane vert torsdagar kl. 17.30-18.30, og me avsluttar kvar øving med litt frukt og enkel drikke. I Dale bedehus vert det kvar torsdag f.o.m. 5.september t.o.m. 3.oktober, og i Vaksdal kyrkje vert det kvar torsdag f.o.m. 31.oktober t.o.m. 28.november. Det er Kristin Straume Audestad og Anton Proskurnin som leier dette, og det er ope for born frå fleire bygder å vera med! For oppdatert informasjon, ver gjerne med i facebook-gruppa «Korskulen i Vaksdal».

Barnekor i Eksingedalen onsdagar kl. 13-14

I haust skal me saman med foreldre i Eksingedalen ha barnekor i Eksingedalen kyrkje for born ca 3-10 år. Det vert klokka 13-14, desse onsdagane: 11.9, 25.9, 23.10 og 27.11. Velkommen!

Barnekor på Stamnes torsdagar kl. 17-18

Det vert òg barnekor på Stamnes som tidlegare. Datoane der er ikkje heilt på plass endå, men interesserte kan vera med i facebook-gruppa «Stamnes Barnekor» for å få oppdatert info. Dei brukar å ha korøving torsdagar kl 17-18.

Baby- og småbornssong i Bergsdalen og Eksingedalen 8. september

I Bergsdalen vert det i samband med «Bergsdalsstemna» baby- og småbornssong 8. september kl 11-12, i kyrkjekjellaren. Ope for alle som ynskjer det, og kyrkjekaffi etterpå! I Eksingedalen vert det baby- og småbornssong i sakristiet i Eksingedalen kyrkje 8.september kl. 15-16, med utdeling av bok til 4-åringane og 6-åringane i starten av gudstenesta før ein går ut i sakristiet. Etterpå er det kyrkjekaffi for alle.

Baby- og småbornssong på Stamnes måndagar kl. 10-12

Også i haust vert det samlingar med kombinert baby- og småbornssong for born 0-5 år på Stamnes. På Stamnes samlast me i bedehuskjellaren mellom kl. 10 og 12 ein måndag i månaden, desse datoane: 2.september, 14.oktober, 4.november og 2.desember. Fyrst er det songsamling, deretter er det ein lett lunsj, me har varm drikke, ta med niste.

10-åringane på Stamnes og Vaksdal skal få Nyetestamentet søndag 10. november

Tiåringane på Stamnes, Vaksdal og Eidsland skal få Nytestamentet i haust. På Stamnes skjer det på gudstenesta kl. 16, og på Vaksdal vert tiåringane invitert til å få bøkene under gudstenesta kl. 11.



Samlingar og utdeling av bok til 4-åringar

Fireåringane vert inviterte til to ting i haust. Både ei gudstenesta der dei får fireårsboka, og så til ei eller to samlingar der me syng litt og lagar kvar sin julekalender. Datoane for samlingane er ikkje bestemt endå, men gudstenestene med utdeling av boka vert slik: **Eksingedalen 8.september, Stamnes 10.november, Vaksdal 10.november, Dale 17. november.**





Tankar frå trusopplæraren

Så var sommaren over for denne gong. Eg startar alltid etter ferien med blanda kjensler. Noko i meg er glad for at me endelig skal koma inn i vande rutiner igjen, leggetidene skal normalisera seg og forventingane skal dala. Ferie kan vera ganske stress om ein kjenner veldig på alt ein kan og bør og vil gjera, særskilt om ein let seg prega av det ein ser at «alle andre» gjer. Sjølv om eg mistenkjer at «alle andre» òg har feriedagar der heile familien sit i grandiskoma inne med kvar sin skerm heile ettermiddagen, sjølv om det er sol...

Men så er det noko anna i meg som veit at no er mørkret på veg. Dagane snevra seg inn, nettene strekkjer seg ut. Dette mørkret prøver seg litt for ofte på tankane mine òg. Snik seg inn i hjernen og gjer alt litt dystert og grått og meiningslaust. I mørkret verkar òg ting ofte skumle og fårlege, og redsla høgg i magen og gjev meg lyst til å pakka heile familien inn i tepper og halda dei innandørs til kulda og mørkret slepp taket igjen. Men eg veit det ikkje går an. Så eg prøver å leva med mørkret. Akseptera det.

Bli ven med mørkret, sa mammo til oss, då me var små og mørkredde. Eg er ikkje heilt der enno, men eg trur kanskje eg toler det litt meir no. For eg veit at i mørkret viser dei små lysglimta ekstra godt. Stjernene på himmelen. Stearinlysa i glaskarmen. Lommelyktene i barnehender. Adventsstakane i glasa i desember. Det gode glimtet i augo til ein ven som står utanfor døra di med eit smil og ein klem når du treng det.

I haust og vinter skal eg prøva å fokusera på desse lysglimta. Varma meg på dei, og vera takknemleg for at mørkret ikkje vinn til slutt.

Kristin



UNDER GALLERIET
- ein møtestad i Dale kyrkje

I Dale kyrkje torsdagar kl. 19.00-20.30

Datoar:
26. september
24. oktober
28. November

JUBILEUM 2. NOVEMBER

Vaksdal Musikhård fyller 40 år og markerar dette med ein jubileumskonsert kor heile kommunen sitt musikkliv er involvert.

Det byrjar med konsert i Dale kyrkje om ettermiddagen og held fram med fest i Turbinen. Korpsa Blanke Messingen, Dale Musikkforening, Vaksdal Barne- og Ungdomskorps og Vaksdal Musikklag deltek. Kora Dale Mannskor, Kilden og Kordial syng tre fellesnummer, a cappella og med organist. Band i kommunen blir også involvert.

Vedlikehald av kyrkjene våre

Denne sumaren har me jobba med vedlikehald i og rundt kyrkjene i kommunen. Det er vanskeleg å rekka over alt som skal gjerast, men litt har det no vore.

I Vaksdal kyrkje har me spyta og reinska opp utanfor kyrkja. Me har også fått mala jern portane i kyrkjemuren. I tillegg til dette er det gjort frivillig innsats med t.d. grasklipping. Me har fått fjerna ein god del tre og busker fra området bak reiskapsskuret på Stamnes. I Eksingedalen har me også jobba ein del utanfor kyrkja. Her har også reiskapsskuret og sakristidelen av kyrkja vorte malt. I løpet av haus-

ten vonar me å få høgtrykk spylt kyrkja, slik at ho vert litt kvitare og reinare.

Hovudaktiviteten denne sumaren har me hatt på Dale kyrkje. Malerfirma Monsen har fått i oppdrag å reinse og male kyrkja. Dette er eit stort arbeid me prislapp på om lag 1,2 millionar. I forbindelse med dette har me også fått anledning til å reparere lukene i tårnet, samt skifte kledninga på ein gavl. I neste kyrkjeblad vil de komme ein reportasje, med bilete fra dette arbeidet. Elles blir det lagt ut nyhende om dette på Facebook sida vår.

VIPPS



Vaksdal kyrkjelege fellesråd (bladpengar)	94073
Vegen trusopplæringa	514111
Vaksdal Kyrkje	137194
Dale Sokn	525329
Stamnes sokn	524776
Bergsdalen sokn	552521
Nesheim sokn	548798

GRAVMINNER



Løvaas
Naturstein



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen
Man-fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.
www.lovaasnaturstein.no

DET SKJER I BEDEHUSA:

Vaksdal bedehus

Alle møta er kl. 11.00
Det er søndagsskule i kjellaren kl. 11.30

Søndag 15. september

Leiv Nesheim. Nattverd.

Søndag 6. oktober

Christian Skoge

Søndag 27. oktober

Odd Sverre Hove. Nattverd.

Søndag 17. november

Odd Sverre Hove



Dale bedehus

Ondag 11. september 19.00

Delemøte. Talar: Ottar Dalseid.

Onsdag 16. oktober kl. 19.00

Møte ved Christian Skoge.

Laurdag 26. oktober kl. 16.00

Basar. Tale/Reidun Skurtveit.

Onsdag 6. november kl. 19.00

Delemøte



Stanghelle bedehus

Onsdag 25. september kl. 19.00

Møte v/Asle Hetlebakke

Laurdag 19. oktober kl. 16.00

Basar. Tale v/Asle Hetlebakke

Onsdag 20. november kl. 19.00

Møte v/Reidun Skurtveit

23. og 24. november

Bibelhelg v/Christian Skoge.

Møtene byrjar kl. 18.00.





- Når
den tid
kommer...





«Nytenkende,
vakert og
verdig»

Tlf. 48 29 70 33

GJENSKINN

www.gravminne.org



Vi har stillas
med hengjar til leige.

Tlf. 481 44 680



Din lokale Rørlegger i Vaksdal

€ 95 97 17 00



GRAVMINNEN



Utstillingen kan sees i butikk.
Vi lager også modeller etter ønske.

S
STEINRIKET
DALE AS

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

ARNPRO

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no

BKK

- vi gir morgendagen nye muligheter

SÆTERDAL ELEKTRO

Me leverer alt innan
elektrikartenester.
Tlf. 56 59 43 00



SparebankenVest

– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no



**VAKSDAL BLOMSTER OG
BEGRAVELSESBYRÅ AS**

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.

*Kransar - Sløyfer -
Oppsatsar - Bårebukettar*

Mob. 91 17 97 66



AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66

www.vangen-elektriske.no



Bergsdalstunet

Bergsdalstunet
56 59 89 34

SLEKTERS GANG



DØYPTE

Dale

23.06 Nickolas Svarstad Faugstad

Vaksdal

23.06 Noah Amundsen Knutsen

30.06 Ronja Heimdal Eliassen (i Stamnes kyrkje)

11.08 Torje Wesley Wefring



vigde

Bergsdalen

10.08 Tonje Jeanett Romarheim og Daniel Johan Olsen

Dale

12.05 Konstanse Rutledal og Aleksander Bukkestein Trohjell

Eksingedalen

22.06 Annika Therese Nottberg og Odd Inge Brønstad
(forbøn)

Nesheim

01.06 Sigrid Nese og Endre Thue



DØDE

med kyrkjeleg gravferd/bisetjing

Dale

07.04 Bente Anna Alden Halvorsen 1946
(gravlagt i Åsane gamle kirke)

16.07 Dagrunn Laastad 1923

19.08 Liv Stokke Sellevold 1924
(frå Bergsdalen kyrkje)

Nesheim

30.07 Helge Bergo 1923

Stamnes

28.06 Jørgen Skjerve 1925

08.07 Gudrun Rigmor Stien 1936

25.07 Oddlaug Margrete Kaland 1945

26.07 Trond Inge Aas 1965

Vaksdal

22.07 Torstein Arvid Knutsen 1941

KYRKJA I VAKSDAL



- VEGEN I VAKSDAL (TRUSOPPLÆRINGA)
- KYRKJENE I VAKSDAL
- BERGSDALEN KYRKJE

Det finst og andre sider med og om kyrkjene i Vaksdal,
men dei er generert av andre, til dømes Facebook sjølv.

Nordhordland Begravelsesbyrå AS



AVD. VAKSDAL:

Ann-Elin M. Gullbrå • Tlf. 56 99 25 70

ME GÅR SAMAN MED DEG HEILE VEGEN.
PLANLEGGING - BLOMAR - GRAVSTEIN

Tlf. 56 37 14 10 • post@nordh-bb.no • www.nordh-bb.no



Alt innan tømrararbeid

Tlf. 922 65 739


post@falkangerbygg.no



Falkanger Bygg er
forhandlar av Idéhus
Sjå idehus.no



DALETEC



VELKOMEN TIL KYRKJA

Søndag 8. september - 13.sønd. i treeiningstida

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Bergsdalsstemna, ved Kvamsøe. Nattverd. Takkoffer. Samling for borna i kjellaren, ved Audestad. Kyrkjekaffi. Songstund.
EKSINGDALEN KYRKJE kl. 15.00. Familiegudsteneste med baby- og småbornssong, ved Audestad og Kvamsøe. Nattverd. Takkoffer. 4-åringane er innbedne for å få bok. Skulestartmarkering for 6-åringane. Kyrkjekaffi.

Søndag 15. september - Vingardssøndagen

DALE KYRKJE kl. 16:00. Ung Messe, ved Kvamsøe og konfirmanthane som har vore på leir. Nattverd. Dåp. Takkoffer.
NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste med konfirmandpresentasjon, ved Bø. Nattverd. Takkoffer. Kyrkjekaffi.

Søndag 22. september - 15.sønd. i treeiningstida

VAKSDAL KYRKJE kl. 16.00. Ung Messe, ved Bø og konfirmanthane som har vore på leir. Nattverd. Dåp. Takkoffer.

Søndag 29. september - 16.sønd. i treeiningstida

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste, ved Tomren. Nattverd. Dåp. Takkoffer. Kyrkjekaffi.

Søndag 6. oktober - 17.sønd. i treeiningstida

EIDSLAND KAPELL kl. 11.00. Gudsteneste, ved Kvamsøe. Nattverd. Dåp. Takkoffer. Kyrkjekaffi.

Søndag 13. oktober - 18.sønd. i treeiningstida

DALE KYRKJE kl. 11:00. Gudsteneste med konfirmandjubileum, ved Kvamsøe. Nattverd. Dåp. Takkoffer.
NESHEIM KYRKJE kl. 15.00. Gudsteneste, ved Tomren. Nattverd. Dåp. Takkoffer. Kyrkjekaffi.

Søndag 20. oktober - 19.sønd. i treeiningstida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11:00. Gudsteneste med konfirmandjubileum, ved Bø. Nattverd. Dåp. Takkoffer.

Søndag 27. oktober - Bots- og bededag

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste, ved Bø. Nattverd. Dåp. Takkoffer. Kyrkjekaffi.
EKSINGDALEN KYRKJE kl. 15.00. Gudsteneste, ved Kvamsøe. Nattverd. Dåp. Takkoffer. Kyrkjekaffi.

Søndag 3. november - Helgemessesøndag

DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste, ved Tomren. Nattverd. Dåp. Takkoffer. Kyrkjekaffi.
EIDSLAND KAPELL kl. 17.00. Gudsteneste, ved Bø. Nattved. Dåp. Takkoffer. Kyrkjekaffi.

Søndag 10. november - 22.sønd. i treeiningstida

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste ved Audestad og Bø. Nattverd. Dåp. Takkoffer. 4-åringane er innbedne for å få bok.
10-åringane er innbedne for å få Nytestamente. Kyrkjekaffi.
VAKSDAL KYRKJE kl. 16:00. Familiegudsteneste, ved Audestad og Bø. Nattverd. Dåp. Takkoffer. 4-åringane er innbedne for å få bok.
10-åringane er innbedne for å få Nytestamente. Kyrkjekaffi.

Søndag 17. november - 23.sønd. i treeiningstida

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste, ved Kvamsøe. Nattverd. Dåp. Takkoffer. Kyrkjekaffi.
DALE KYRKJE kl. 16.00. Familiegudsteneste, ved Kvamsøe. Nattverd. Dåp. Takkoffer. 4-åringane er innbedne for å få bok. Kyrkjekaffi.

Søndag 24. november - Domssøndag/Kristi kongedag

Ingen gudstenester i Vaksdal

Dåp = Høve til dåp i gudstenesta.

Endringar kan koma. Sjå annonsar i lokalavisa, oppslag og på www.vaksdal.kyrkja.no og for eventuelle endringar.



*Bunad og stakkastovo as
ny bunad
omsom
bunadsølv
tilbehør*

Ring for avtale 56 19 18 00

*Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen
www.bunadogstakkastovo.no*